

## KRAV TIL AVKJØRSEL

### Veglova § 40-43 gjer lovheimel for at vegmyndigheta kan sette krav til utforming, bygging og vedlikehald av avkjørslar

Det er viktig at bygging av avkjørsle frå kommunalveg blir bygd slik at vegens tekniske standard og funksjon vert oppretthald.

Alle tilpassingar til veg og fortau skal gjerast på eige eigedom. Tilpassingar skal gjerast slik at vegens tekniske standard og funksjon blir oppretthald.

På bakgrunn av dette vert det derfor stilt krav til fri sikt, svingradius og lengdeprofil når det skal byggjast nye avkjørslar. I tillegg vert det stilt tekniske krav til opparbeidinga av avkjørselen.

Avkjørslar med  $\text{ÅDT} > 50$  eller meir enn 10 bueningar skal utformast som kryss i henhold til Statens Vegvesens Handbok 017.

### GENERELT

Når det i tillegg er krav om byggjeløyve, for eksempel ved bygging av garasje, skal kopi av teknisk etats godkjenning av avkjørselen leggjast ved søknad om byggjeløyve. Dersom eigedommen ligg i eit område utan regulert byggjegrænse mot kommunal veg, og nokon delar av permanente installasjonar (garasje, bod, terrasse, mur m.m.) kjem nærare vegmidte på kommunal veg enn 15m, skal det i tillegg til avkjørsel søkjast om dispensasjon frå byggegrense, jfr Vegloven § 29. Det same gjeld dersom ein kjem nærare vegmidte på fylkesveg eller riksveg enn 50m.

### TEKNISKE KRAV

Avkjørsla skal byggjast slik at overvatn frå avkjørsla ikkje renn inn på den kommunale vegen. Den må også byggjast slik at overvatnet frå vegen ikkje renn inn i avkjørsla. Om avkjørsla avskjer ope grøft skal det leggjast avlaupsrør med minimum diameter 200 mm. Avlaupsrøret skal leggjast slik at funksjon til veggrofta vert oppretthaldt. Grøftvatnet skal ha fritt løp inn i og ut av røret.

Avkjørsla skal tilpassa hovudvegens lengde- og tverrprofil i sin heilhet.

### FRISIKT

På kvar side av avkjørsla langs den kommunale vegen skal det vera eit område med uhindra sikt. Dette kan teiknast opp som siktretkantar der augepunktet er i avkjørselen. Størrelsen på området blir bestemt av fartsgrensa på staden.

For vegar med fartsgrensa 30 km/t er krav til frisisiktsone  $L1=20\text{m}$  og  $L2=4\text{m}$


Andre kommunale vegar er krav til frisisiktsone  $L1=45\text{m}$  og  $L2=4\text{m}$

Frå punkt  $L2$  frå kjørebaneanten og inn i avkjørselen langs midtlinja, skal det være sikt til kjøretøy på den kommunale vegen som vist på fig. 1.

#### Frisktomsråda skal vera fri for sikthindringar høgare enn 0,5 m over hovudvegens nivå.

I tillegg må det kontrollerast at planet mellom augepunkt i avkjørselen og kjørebana i den kommunale vegen er fri for sikthindringar. Enkelståande trær, stolper og liknande kan godtas, men krav til sikkerheitssoner i statens vegvesens handbok 231 Rekkverk må være tilfredstilt. Enkelståande trær i siktretkanten bør plasserast slik at trekronen ikkje hindrar sikt.

Tilsvarande sikt lengder som vist på fig. 1 må også gjerast gjeldande for trafikk som kjem på hovudvegen og skal inn i avkjørselen (sikt bakover og framover langs hovudvegen).



**Figur 1: Frisktomsråda**

Ved avkjørsel over fortau i gater der fasaden følgjer bakkant av fortau gjelder spesielle regler for frisikt. (Jfr. Statens vegvesens handbok 017.)

## LENGDEPROFIL

På dei første 2 m frå vegskulderkant skal avkjørsla ha eit fall på 1:40 (2,5%). På dei neste 3,5 m skal avkjørsla ha ein maksimal stigning på 1:20 (5%) eller eit fall på 1:30 (3,3%). Deretter vert det anbefalt at vegen ikkje har eit større stigning/fall enn 1:8. Lengdeprofil er vist i figur 2.





Fig. 2. Skisse over lengdeprofil.


## SVINGRADIUS

Krava varierer ut ifrå bruk og trafikkmengde på avkjørsla. Det kan byggast fleire typar avkjørsler.


Avkjørsle til bustadområde, industriområde og serviceanlegg skal utformast som kryss. Den mest brukte avkjørsla er den med T-form. Utføringa til avkjørsla er avhengig av tomte sin storleik og utforming.



Avkjørsel for 1 -3 boenheter



Avkjørsel for 4 -7 boenheter



Avkjørsel for mer enn 7 boenheter

## KRYSSING AV FORTAU

Ved kryssing av fortau skal kantstein nedsenka til 0 cm. Bakkant av fortau skal ha gjennomgåande høgde.

## VEDLIKEHALDSANSVAR

Avkjørsla med tilhøyrande siktområde, rør eller stikkrenner skal vedlikehaldas av grunneigar eller brukar, uavhengig av kven som har bygd eller påkosta avkjørsla.